

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Clarion Hotel Air, Sola

MØTETIDSPUNKT: 11.03. 2020, KL. 0830 - 1600

Deltakarar frå styret

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Ingeborg Morken	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Jan Oddvard Gjerde	Observatør

Forfall

Det var ingen forfall til møtet.

Deltakarar frå administrasjonen

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi- og finansdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar,
organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

Presentasjon av Helse Vest IKT AS og arbeidet med IKT regionalt og nasjonalt ved administrerende direktør i Helse Vest IKT, Erik M. Hansen

Styret blei orienterte om Riksrevisjonen si undersøking av IKT-tryggleik. Orienteringa blei gjennomført i lukka møte. Det vil bli rapportering på dei tiltak som blir sett i verk til HF-styra og Helse Vest RHF sitt styre.

Erik M. Hansen presenterte også Helse Vest IKT AS samt arbeidet med IKT regionalt og nasjonalt.

Sak 029/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Styreleiar orienterte også om at sak 041/20 Overordna risikostyringsmål 2020, var utsatt til neste styremøte.

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt til møtet:

- Tidsplan for styremøtet
- Oppdatert innkalling og sakliste
- Oppdatert AD si orientering
- Til sak 036/20 Årleg melding for 2019
- Sak 042/20 Helse Stavanger HF - Forenkla kvalitetssikring knytt til fullføring av E-bygget
- Sak 046/20 Nasjonalt utgreiingsoppdrag innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling – rettighetsvurderinger og fritt behandlingsval

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 030/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 05.02. 2020 og 10.02.2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 05.02. 2020 og 10.02.2020.

Sak 031/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 20.02.2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 20.02. 2020.

Sak 032/20 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 28.02.2020

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjenner og underteknar protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 28.02. 2020.

Sak 033/20 Administrerende direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndighetskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Regionale planar under arbeid

Administrasjonen viste til utsendt notat.

5. Koronaviruset – status i Helse Vest

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Administrasjonen orienterte om beredskapssituasjonen i Helse Vest knytt til Koronaviruset.

Det er etablert daglege oppdateringar og faste oppfølgingsmøte mellom RHF-a, Folkehelseinstituttet og Helsedirektoratet. Helse Vest rapporterer kvar veke til Helsedirektoratet på utstyr, lokalar og personell.

Det vil bli nødvendig å sette inn tiltak for å sikre personell, legemiddel og utstyr i sjukehusa.

Det er mangel på smittevernutstyr og testar som er mest utfordrande per no. Det blir arbeidd med å hente inn smittevernutstyr frå næringslivet. Talet på medarbeidarar i sjukehusa som er i karantene er også krevjande for helseføretaka.

Intensivkapasitet kan også bli utfordrande etter kvart som vi får mange pasientar som treng intensivbehandling.

Helseføretaka har starta med nedtrekk av annan elektiv aktivitet som kan vente.

Det pågår kartlegging av medarbeidarar med underliggjande sjukdom eller som har familiemedlemmer med underliggjande sjukdom, som ikkje bør jobbe i dei mest smitterisikoutsette einingane.

6. Mandat – Organisering av Internrevisjonen i Helse Vest

I sak 18/20 reiste leiar av internrevisjonen spørsmål om ein burde gjennomgå organiseringa av internrevisjonsarbeidet i Helse Vest. Styret slutta seg til dette og ba administrerande direktør om å sjå på alternative måtar å organisere internrevisjonsarbeidet på i Helse Vest. Administrerande direktør vil koma attende til styret med eit forslag til mandat for arbeidet.

Revisjonsutvalet må vere sterkt involvert i dette arbeidet. Intensjonen er å ha eit notat med forslag til løysing klar til førstekkommande møte i revisjonsutvalet 14. mars, med etterfølgjande styrebehandling i Helse Vest RHF sitt styre.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 034/20 Rapportering frå verksemda per januar 2020

Oppsummering

Helsefaglege indikatorar og sjukefråvær

Status Januar 2020	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Fristbrot behandla	0	0%	3,6% [!]	3,8% [!]	6,6% [!]	3,1% [!]	0,6% [•]
Gj.snitt ventetid, behandla SOM	60	53	64 [!]	64 [!]	66 [!]	63 [!]	62 [!]
Gj.snitt ventetid, behandla BUP	40	35	41 [!]	43 [!]	49 [!]	34 [✓]	45 [!]
Gj.snitt ventetid, behandla PHV	45	40	45 [!]	53 [!]	43 [•]	45 [!]	32 [✓]
Gj.snitt ventetid, behandla TSB	35	30	32 [•]	29 [✓]	31 [•]	26 [✓]	38 [!]

Status Januar 2020	Nasjonalt mål	Regionalt mål	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde
Korridorpasienter	0%	0%	2,1% [•]	3% [!]	5,1% [!]	0,9% [•]	0,5% [•]
Epikristid SOM	100 %	100 %	88,7% [•]	86,7% [•]	86,7% [•]	88,7% [•]	92,4% [•]
Epikristid PH	100 %	100 %	91% [•]	71% [!]	92,8% [•]	91 % [•]	93,7% [•]
Sykefravær	5,5%	5,5%	6,7% [•]	6,5% [•]	7,7% [!]	6,6% [•]	6,4% [•]

Tabellen viser status av målkrava denne perioden

Mange av dei helsefaglege indikatorane betra seg gjennom hausten, men gjekk feil veg i januar grunna eit lågare elektivt aktivitetsnivå i samband med jule- og nyttårsfeiringa. Dette er ein sesongvariasjon som ein observerer kvart år. Dei samla gjennomsnittlege ventetidene var tre dagar høgare enn i desember, og var på 62 dagar i gjennomsnitt for alle fagområde. Den gjennomsnittlege ventetida steig både innan somatikken, psykisk helsevern for vaksne og psykisk helsevern for barn og unge, men var uendra innan TSB. I januar 2020 låg den gjennomsnittlege ventetida over den regionale målsettinga for alle dei fire fagområda. Prosentdelen fristbrot for dei som starta behandling i januar steig til 3,6 % samla for HF-a, medan prosentdelen fristbrot for dei som framleis ventar gjekk ned (0,9 %). Prosentdelen korridorpasientar innan somatikken som har halde seg stabil kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019, steig til 2,1 % i januar 2020.

Ventetider

Ventetidsutviklinga syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling, innanfor alle tenesteområde var på 62 dagar i januar. I oppdragsdokumentet er det nasjonale kravet frå HOD at ventetida skal under 50 dagar i gjennomsnitt innan 2021. Samla resultat på ventetid for januar 2020 er på same nivå som i januar 2019, men for høge relatert til den regionale og den nasjonale målsettinga.

Gjennom 2019 har Helse Stavanger redusert ventetidene innan alle tenesteområde. Både innan BUP og poliklinikkane generelt er det sett i verk eit arbeid med å innføre endringar med optimal ressursutnytting og lengre planleggingshorisont. Behandlarkapasiteten er i ferd med å auke gjennom å tilsette fleire behandlarar i mellom anna BUP og PHV.

Fristbrot

Talet på fristbrot for dei som starta behandling har samla gått ned frå 4,9 % i august til 2,7 % i desember 2019, men steig til 3,6 % i januar 2020.

Korridorpasientar

Prosentdelen korridorpasientar har samla sett halde seg kring 1,6 – 1,7 % gjennom heile 2019, men steig til 2,1 % i januar 2020. Av helseføretaka er det framleis Helse Fonna som har den høgaste prosentdelen korridorpasientar i regionen, med 5,1 % i januar.

Epikriser

Utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju virkedagar etter utskriving har vore rimeleg flat over fleire år for alle dei fire helseføretaka. Den samla epikrisetida har stort sett variert mellom 85 % og 90 % innan somatikken, medan psykisk helsevern har hatt ei epikrisetid rett over 90 % dei seinaste månadane.

Regional epikrise-mal er ein del av prosjektkandidaten «Vel heim». Det vil vere eit samarbeid mellom prosjektet og føretaka om utarbeiding og endring av den regionale epikrisemalen som skal sikre epikrise «i handa». «Vel heim» planlegg å vere ferdig med sitt prosjekt i løpet av 2020.

For 2020 er det i oppdragsdokumentet kome eit endra krav på dette området. Kravet no er at minst 70% av epikrisene er sendt ut 1 dag etter utskriving innan somatikk, PSV og TSB. Dette vil det bli lagt til rette for i neste rapportering.

Pakkeforløp kreft

Måloppnåinga for prosentdelen pakkeforløp kreft gjennomført innan standard forløpstid viser ei måloppnåing på 70 prosent for Helse Vest samla i heile 2019. Av kreftformene med «høge» volum pasientar var måloppnåinga i helseregionen i 2019 lågast for brystkreft (58 %), lungekreft (62 %) og tjukk- og endetarmskreft (63 %).

Måloppnåing per pakkeforløp (heile 2019)*

Pakkeforløp januar - desember 2019	Helse Vest	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haraldsplass	Privat Vest HF	Tal forløp 2019
Blærekreft	89 %	96 %	79 %	81 %	100 %	98 %		370
Eggstokkreft (ovarial)	89 %	98 %	50 %	85 %	83 %	100 %		115
Føflekkreft	88 %	82 %	83 %	93 %	86 %	100 %	81 %	773
Myelomatose	85 %	92 %	50 %	88 %	71 %			47
Kreft hos barn	80 %	0 %		83 %				25
Akutt leukemi og høyrisiko myelodysplasi	79 %	67 %		78 %	100 %			33
Hjernerkeft	76 %	90 %	100 %	68 %	100 %	100 %		46
Peniskreft	75 %	50 %	0 %	88 %	100 %			12
Prostatakreft	73 %	70 %	32 %	80 %	58 %	83 %		893
Galleveiskreft	72 %	57 %	75 %	75 %	88 %	100 %		47
Sarkom	71 %	33 %		74 %				42
Lymfomer	67 %	69 %	33 %	74 %	57 %	0 %		146
Bukspyttkjertelkreft	67 %	75 %	33 %	63 %	67 %	100 %		81
Nevroendokrine svulster	67 %	50 %	50 %	86 %				15
Tykk- og endetarmskreft	63 %	73 %	77 %	42 %	88 %	79 %		771
Hode- halskreft	63 %	44 %	33 %	78 %	86 %			158
Kreft i spiserør og magesekk	62 %	75 %	56 %	62 %	44 %	50 %		105
Lungekreft	62 %	61 %	61 %	60 %	76 %	50 %		502
Nyrekreft	60 %	56 %	55 %	60 %	86 %	0 %		165
Primær leverkreft (HCC)	60 %	50 %		60 %	100 %			10
Kronisk lymfatisk leukemi (KLL)	59 %	100 %	33 %	52 %	86 %	50 %		34
Livmorkreft (endometrie)	58 %	83 %	71 %	46 %	63 %			157
Brystkreft	58 %	71 %	67 %	47 %	64 %	0 %		836
Testikkelkreft	55 %	75 %	100 %	39 %	43 %	0 %		60
Livmorhalskreft (cervix)	51 %	61 %	0 %	53 %	57 %			67
Skjoldbruskkjertelkreft	45 %	0 %	0 %	60 %	0 %			40
Tal pakkeforløp innan standard forløpstid	3 870	1 027	390	1 898	343	186	26	5 550
Totalt tal gjennomførde pakkeforløp	5 550	1 408	599	2 819	466	226	32	
Prosentdel forløp innan standard forløpstid	70 %	73 %	65 %	67 %	74 %	82 %	81 %	

*Merk: For einskilde spesielle kreftformar kan talet forløp være svært lågt per HF (1 – 3)

Helse Vest RHF vil vie utviklinga i pakkeforløpa for kreft større merksemd i verksemdrapporteringa til styret og oppfølgingsmøta med helseføretaka i tida framover.

Sjukefråvær

Per januar 2020 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 6,7 %. Det sjukemeldte fråværet for januar 2020 var på 5,4 %.

Frå januar 2019 til januar 2020 har både det samla sjukefråværet og sjukemeldt sjukefråvær gått ned med 0,62 % og 0,31 %.

Per januar 2020 hadde 59,22 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 62,71 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %.

Heiltid

8 572 fleire medarbeidarar har sidan desember 2010 til januar 2020 fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Det er 5 893 fleire medarbeidarar som har 100 % stilling og 2 679 fleire som har høgare stillingsprosent. Korrigert gjennomsnittleg stillingsprosent er på 90,74 %. Måtalet er på 89,30 %.

HMS/kvalitet

Tal per januar 2020 blei presentert i styremøtet.

Inkludering og mangfald

Helse Vest skal så langt som råd avspegle mangfaldet i befolkninga på ein god måte, som set oss i stand til å møte mangfaldet ein møter i møte med pasientane og pårørnde.

Helseføretaksgruppa skal ha som mål å ha mellom 6 – 10 % av alle medarbeidarane med innvandrarakgrunn, fordelt om lag likeverdig mellom gruppa vestlege og ikkje vestlege innvandrarak. Det har vore ein jamn auke frå 9,3 % i 2013 til 15,4 % i 2019, og dette er i tråd med Helse Vest si målsetting.

Økonomi og finans

Det samla resultatet i føretaksgruppa er per januar 2020 kr 40,7 mill., som er kr 18,3 mill. lågare enn budsjettert. Det er alltid stor usikkerheit rundt det økonomiske resultatet for januar og februar. Føretaka rapporterer ikkje like detaljert med omsyn til avsetjingar og periodiseringar dei 2 første månadane som dei gjer ved dei ordinære periodeavsluttingane. Det er derfor stor usikkerheit knytt til det økonomiske resultatet tidleg på året, og det vil truleg vere først for rapporteringa for mars og april ein vil ha trygghet for at rapporteringa er rimeleg presis.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Januar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	-2 719	8 333	-11 052
Helse Fonna	-882	3 333	-4 215
Helse Bergen	-401	12 548	-12 949
Helse Førde	643	2 167	-1 524
Sjukehusapoteka VEST	2 018	1 153	865
Helse Vest IKT	-8 723	-5 779	-2 944
Helse Vest Morselskap	50 769	37 236	13 533
Til saman	40 706	58 992	-18 286

Helse Vest RHF har kvalitetssikra føretaka sine budsjett med hovudfokus på å avdekke risiko og vurdert iverksetjing av kompenserande tiltak. Omfang av tiltak og resultata av desse blei presentert i styremøtet.

Prognose

Resultatkrav for 2020 er som følgjer:


Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2020	100 000	40 000	120 000	26 000	7 000	1 000	150 000	444 000

Ingen av føretaka har endra si prognose.


Tvang i psykisk helsevern

Tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjarar i Helse Vest:

Figuren / grafen under syner tal tvangsinnleggingar pr. 1000 innbyggjarar i Helse Vest RHF, der kvar graf representerer eit lokalt helseføretak. Tala dekker perioden frå og med januar 2019 til og med desember 2020. Oppdaterte befolkningstal for 2020 er ikkje kome frå SSB p.t., difor er kurva feil for januar 2020 (alle einingar får talet 1,0). Dette vil bli retta så snart det ligg føre oppdaterte befolkningstal.



Dei same tala kan bli rekna om til årlege gjennomsnitt, då ser biletet slik ut, her perioden 2018-2020:



Som figuren syner er tal tvangsinnleggingar i psykisk helsevern i perioden 2018 til 2019 jamn eller redusert i tre av fire føretak, medan det er ein liten auke i Helse Stavanger. Av alle innleggingar i psykisk helsevern i andre tertial i 2019 i regionen var det 20,1 % som var tvangsinnleggingar. Helse Vest er med det den regionen som har høgast del tvangsinnleggingar i landet, landsgjennomsnittet er 18,6 %.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 31. januar 2020 til etterretning.

Sak035/20 Styringsdokument 2020 til HF-a og Helse Vest IKT AS

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Styringsbodskapen til helseføretaka og Helse Vest IKT AS blir årleg formidla gjennom eit samla styringsdokument. Styringsdokumenta inneheld overordna signal om mellom anna bruk av midlar, og om prioriteringar innan dei fire hovudoppgåvene pasientbehandling, forskning, utdanning av helsepersonell og pasientopplæring. I tillegg inneheld dokumentet økonomiske og organisatoriske krav.

Gjennom styringsdokumentet vil Helse Vest RHF gi helseføretaka ein mest mogleg heilskapleg og samla styringsbodskap for 2020. Styringsdokumenta skal klargjere dei premisser og rammer som gjeld for verksemdene, og inneheld mål og resultatkrav som blir stilte til helseføretaka.

Helse Vest RHF legg vekt på å følgje opp det som står om *mål og andre* oppgåver for 2020 i oppdragsdokumentet frå Helse- og omsorgsdepartementet. Dei tre overordna styringsmåla for 2019 blir vidareført, og Helse Vest RHF skal innrette verksemda si med tanke på å nå desse måla i 2020:

1. Redusere unødvendig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga.
2. Prioritere psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling.
3. Betre kvalitet og pasientsikkerheit.

Styret ønskja å ta inn eit punkt som har stått i tidlegare styringsdokument til sjukehusføretaka om at medarbeidarar skal ha opplæring i pasientrettar.

Styret peika også på at i plan for habilitering og rehabilitering frå 2015, står det at tiltaka i planen skulle innarbeidast i styringsdokumenta. Dette er ikkje innarbeidd i styringsdokumenta for 2020. Styret ønskja at administrasjonen gjer ei vurdering av korleis ein kan sikre god etterleving av planen t.d. kan dette leggjast som eit tilleggspunkt til føretaksmøte i mai eller ta inn i den månadlege rapporteringa frå verksemda.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2020 for Helse Stavanger HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 11.03.2020, med dei endringar som kom fram i møtet.
2. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2020 for Helse Fonna HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 11.03.2020, med dei endringar som kom fram i møtet.
3. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2020 for Helse Bergen HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 11.03.2020, med dei endringar som kom fram i møtet.

4. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2020 for Helse Førde HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 11.03.2020, med dei endringar som kom fram i møtet.
5. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2020 for Sjukehusapoteka Vest HF i samsvar med forslaget lagt fram for styret 11.03.2020.
6. Styret i Helse Vest RHF vedtok styringsdokumentet for 2020 for Helse Vest IKT AS i samsvar med forslaget lagt fram for styret 11.03.2020.

Sak 036/20 Årleg melding 2019

Oppsummering

Helseføretakslova § 34 og vedtektene for Helse Vest RHF § 15 slår fast at Helse Vest skal utarbeide ei årleg melding til Helse- og omsorgsdepartementet som inneheld styret sitt plandokument for verksemda og styret sin rapport for året som var.

Meldinga frå Helse Vest RHF til Helse- og omsorgsdepartementet er ein del av eit samanhengande plan- og meldingssystem. Systemet skal gi departementet grunnlag for arbeidet med statsbudsjettet og oppdragsdokumentet for neste år. I årleg melding rapporterer Helse Vest på korleis dei krav og føringar som Helse- og omsorgsdepartementet har formidla gjennom oppdragsdokument og protokoll frå føretaksmøtet er følgd opp. Gjennom årleg melding får departementet eit grunnlag for å vurdere om dei helsepolitiske måla er innfridd.

Til neste år ønskja styret meir analyse av kvifor mål ikkje er nådd på dei områda der vi har svake leveransar i forhold til mål.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjende forslaget til årleg melding for 2019, og sender over meldinga til Helse- og omsorgsdepartementet.
2. Styret tok årleg melding for 2019 frå det regionale brukarutvalet til orientering.

Sak 037/20 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Vest RHF

Oppsummering

Ein gong i året blir eit utval styrande dokument lagt fram for styret. Tanken er å sikre god kunnskap om og oversikt over desse dokumenta samstundes som det legg til rette for at ein jamleg kan fange opp om det er naudsynt med endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokument.

Styret peika på at gjeldande styreinstruks skal daterast.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret er kjend med og tek til etterretning følgjande dokument:
 - a. Vedtekter for Helse Vest RHF, sist revidert i føretaksmøte 14. januar 2020

- b. Styreinstruks for styret i Helse Vest RHF, sist revidert 30. september 2019
- c. Instruks for administrerende direktør i Helse Vest RHF
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Vest RHF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseforetak»
- f. Etske retningslinjer for Helse Vest
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 8 (2019-2020)
- h. «Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel»
- i. Instruks for revisjonsutvalet
- j. Instruks for internrevisor

Sak 038/20 Høyring NOU 2019:24 Inntektsfordeling mellom regionale helseforetak

Oppsummering

Helse Vest RHF viser til brev frå HOD dagsett 16.12.2019, med invitasjon til høyring vedkomande «NOU 2019:24 Inntektsfordeling mellom regionale helseforetak» og brev frå HOD dagsett 29.01.2020 «Oppretting av feil i NOU 2019:24 Inntektsfordeling mellom regionale helseforetak.» Forslag til høyringsuttale går fram av saksførelegget.

Inntektsutvalet blei oppretta av Regjeringa ved kongeleg resolusjon den 23. mars 2018. Arbeidet har pågått i vel halvanna år og utvalet leverte sin rapport til Helseministeren den 16. desember 2019. Utvalet var leia av professor Jon Magnussen og besto av:

Professor Jon Magnussen, Trondheim (leiar)
 Førstamanuensis Dawit Shawel Abebe, Oslo
 Økonomidirektør Anne-Marie Barane, Stjørdal
 Professor Lars-Erik Borge, Trondheim
 Rådgiver Jann Georg Falch, Bodø
 Økonomidirektør Hanne Gaaserød, Hamar
 Professor Oddvar Kaarbøe, Bergen
 Seniorforsker Jorid Kalseth, Trondheim
 Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen, Sandnes
 Viserektor Per Morten Sandset, Asker
 Fagsjef Eva Stensland, Tromsø
 Professor Grethe Seppola Tell, Bergen

Helse- og Omsorgsdepartementet har sendt utvalet sin rapport på høyring med høyringsfrist 17. mars 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF gav sin tilslutning til høyringsuttale som går fram av saksførelegget.

Sak 039/20 Regional plan for kvalitet og pasienttryggleik

Saka var drøfta med konserntillitsvalde og konsernhovudverneombod.

Oppsummering

Helse Vest RHF la her fram regional plan for korleis den strategiske satsinga på kvalitet og tryggleik i helsetenesta skal halde fram i åra 2020-2024. Planen byggjer vidare på det arbeid som *Kvalitetssatsinga* og *Program for pasienttryggleik* (2013-2019) starta, og skal bidra til ein målretta og meir samordna innsats for trygge og sikre helsetenestar. Planen er i samsvar med føringar i «*Nasjonal handlingsplan for pasientsikkerhet og kvalitetsforbedring 2019-2023*» og Oppdragsdokument til Helse Vest RHF.

Styret ønskja at det ved neste revisjon av planen også blei lagt ved risikovurdering.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner regional plan for kvalitet og pasienttryggleik 2020-2024 og ber helseføretaka og private ideelle institusjonar med avtale, om å følgje opp planen med operasjonaliserte mål og tiltak i eigen organisasjon
2. Styret ber om ein årleg rapportering av kvalitets- og pasienttryggleiksarbeidet i Helse Vest som viser framdrift av tiltaka i planen.
3. Styret ber om at administrasjonen kjem tilbake med ein erfaringsrapport etter Koronapandemien, med læringspunkt og evaluering av erfaringane med pasienttryggleik knytt til pasientbehandling under utbrotet.

Sak 040/20 Val av revisjonsutval

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen. Det blir i saka fremma forslag om nytt revisjonsutval.

Med bakgrunn i den pågåande prosessen med gjennomgang av organiseringa av internrevisjonen i Helse Vest, blei sittande revisjonsutval gjenvalt.

Vedtak (samrøystes)

Styret oppnemnde følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:

1. Gunnar Berge, leiar
2. Olin Johanne Henden, medlem
3. Bente Pilskog, medlem

Sak 041/20 Overordna risikostyringsmål for 2020

Saka var trekt, og er utsatt til neste styremøte.

Sak 042/20 Helse Stavanger HF - Forenkla kvalitetssikring knytt til fullføring av E-bygget

Oppsummering

På bestilling frå Helse- og omsorgsdepartementet er det utarbeidd ein forenkla ekstern kvalitetssikring av forprosjektrapporten som ligg til grunn for utvidinga av E-bygget ved nytt universitetssjukehus i Stavanger.

Arbeidet er gjennomført av Deliotte og bekreftar at Helse Stavanger har følgd opp forhold som blei påpeikt ved ekstern kvalitetssikring i 2015, og at endra vilkår for statleg lånefinansiering gir Helse Stavanger kraft til å bere ein utvida investering for å kunne fullføre E-bygget på Ullandhaug som planlagt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tar gjennomført forenkla kvalitetssikring av forprosjekt for utviding av E-bygget ved universitetssjukehuset i Stavanger til etterretning og ber om at saka blir sendt Helse- og omsorgsdepartementet som vedlegg til tidlegare innsendt lånesøknad.

Sak 043/20 Plan for internrevisjonen 2020 – 2021

Oppsummering

Denne saka gjeld plan for regional internrevisjon i Helse Vest for dei neste to åra. Planen blir rullert årleg.

I dette saksframlegget blir det referert frå revisjonsutvalet si behandling av saka, og tilråding til styret. Sjølve plandokumentet ligg vedlagt.

Protokollert frå revisjonsutvalet si behandling 04.02.2020:

Vedtak (samrøystes)

RU tilrår styret å vedta revisjonsplan 2020-2021 med følgjande prosjekt:

- *Uønskt variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge*
- *Bruk av tvang i psykisk helsevern*
- *Mottaksmodellen i Bergen*
- *Økonomistyring i byggeprosjekt*

- *Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy*
- *Brukarmedverknad i føretaka*

Revisjonsutvalet overførte følgjande prosjekt til reserveliste:

- Variasjon i helsetenester
- Legemiddelberedskap
- Samfunnsansvarleg handel
- IKT tryggleik
- Bruk av avtalespesialistar

Vedtak (samrøystes)

Styret vedtar revisjonsplan 2020-2021 med følgjande prosjekt:

- Uønska variasjon i pasientforløp, psykisk helsevern for barn og unge
- Bruk av tvang i psykisk helsevern
- Mottaksmodellen i Bergen
- Økonomistyring i byggeprosjekt
- Implementering av arbeidsprosessar ved innføring av IKT-verktøy
- Brukarmedverknad i føretaka

Sak 044/20 Årsrapport for revisjonsutval og internrevisjon 2019

Oppsummering

Det heiter i instruks for revisjonsutvalet at «Revisjonsutvalet skal for styret i Helse Vest RHF leggje fram årleg rapport om sitt arbeid og internrevisjonens arbeid, til orientering».

Rapporten følgjer vedlagt og er som tidligare år samla i eit felles dokument. Revisjonsutvalet behandla årsrapporten på møte 04.02.2020 og gjorde slikt vedtak (formelt ikkje godkjend i det denne saka blir sendt ut):

Revisjonsutvalet godkjenner årsrapporten og rår styret i Helse Vest til å ta årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2019 til orientering.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok årsrapporten for revisjonsutvalet og internrevisjonen 2019 til orientering.

Sak 045/20 Protokoll frå møte i revisjonsutvalet 11.12.2019

Oppsummering

Revisjonsutvalet i Helse Vest RHF hadde møte 11. desember 2019.

Styret blir orientert om revisjonsutvalet sitt fortløpende arbeid gjennom protokollane. Denne protokollen vart godkjent av utvalet 4. februar 2020.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok protokollen frå møte i revisjonsutvalet 11.12.2019 til orientering.

Sak 046/20 Nasjonalt utgreiingsoppdrag innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling – rettighetsvurderingar og fritt behandlingsval

Oppsummering

Sakens formål er å få styrets tilslutning til rapport om rettighetsvurderingar og fritt behandlingsvalg innan tverrfaglig spesialisert rusbehandling (TSB). Rapporten skal gi grunnlag for felles praksis av rettighetsvurderingar, med mål om at pasienter innanfor fagområdet TSB ivaretas på en enhetlig og omforent måte i alle helseforetak. Pasientene skal også sikres god informasjon om retten til fritt behandlingsvalg slik at pasientene får mulighet til å velge en institusjon innan denne ordningen. Rapporten er utarbeidet på bakgrunn av et oppdrag gitt fra Helse- og omsorgsdepartementet til de regionale helseforetakene i juni 2019 (jf. Oppdragsdokument 2019 - tilleggskdokument etter Stortingets behandling av Prop. 114 S (2018-2019)).

De administrerende direktørene i de regionale helseforetakene har tatt rapporten til orientering og bedt om at det fremmes likelydende styresak for styrene i de fire regionale helseforetakene før rapporten oversendes Helse- og omsorgsdepartementet. Utkastet til denne styresaken er skrevet av Helse Midt-Norge, og er derfor på bokmål.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest RHF tar rapporten «*Nasjonalt utredningsoppdrag TSB*» til orientering.
2. Styret slutter seg til anbefalingene i rapporten og ber administrerende direktør gjennomgå egen praksis i lys av disse.
3. Rapporten oversendes Helse- og omsorgsdepartementet.

Sak 047/20 Orientering frå Regionalt brukarutval

Leiar av Regionalt brukarutval oppsummerte frå sist møte i brukarutvalet og frå RBU sin årlege melding og kommentarar til årleg melding frå Helse Vest RHF.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok orienteringa frå Regionalt brukarutval til orientering.

Sak 048/20 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

- Skriv 01 – Møtereferat frå Regionalt brukarutval – 290120
- Skriv 02 – Brev frå Sogn regionråd – Framtida til Tronvik psykiatriske behandlingsheim– 030320
- Skriv 03 – Brev frå Høyanger kommune – Framtida til psykiatrisk klinikk avd. Tronvik – 030320

Når det gjeld breva frå Sogn regionråd og Høyanger kommune om Tronvik psykiatriske klinikk, vil styreleiar i Helse Førde delta på møte om saka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Ref. 11.03.2020 Torunn Nilsen

Einar Strømsvåg	Styreleiar
Olin Johanne Henden	Nestleiar
Ingeborg Morken	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Sigurd Hille	Medlem
Pernille Lysaker	Medlem
Bente Sissel Pilskog	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Bjørn Egil Vikse	Medlem